

Til:

Kommune, fylke, og stat, aktuelle grunnleigerar og naboar


Plan ID: 20220001

Arkivsak ID:1976

Ulsteinvik, 29.03.2022

Varsel om oppstart av detaljregulering – Holmevegen 1 – gnr. 25, bnr. 9, 16

I samsvar med plan og bygningslova § 12-8, og referat frå oppstartsmøte den 18.03.22, blir det varsla oppstart av arbeid med detaljregulering for Holmevegen 1 – gnr. 25, bnr. 9, 16. Området er ca. 2,8 daa og avgrensa som vist i kart nedanfor.



Forslagsstillar er Ivan Karabanov, tlf. +47 40 24 25 00. E-post: ivan.levovich@gmail.com

Planområdet er lokalisert i krysset mellom Holmevegen og Saunesvegen i nærleiken av Ulsteinvik sentrum. Hensikta med planen er å legge til rette for oppføring av konsentrert bustad med åtte bustadeiningar innanfor gnr. 25, bnr. 9, 16. Planavgrensinga omfattar også gnr. 25, bnr. 153 og 312 for å regulere etablert tilkomstveg, byggegrenser og frisikt.

Gjeldande plan er «Ny samleveg Halsekerdalen», planID 19950003, vedteken i 1995. Området innanfor planavgrensinga er i gjeldande plan regulert til frittliggande småhusbebyggelse, fortau og veg. Oppføring av konsentrert bustad innanfor gnr. 25, bnr. 9, 16 vil krevje reguleringsendring. Bygningane som i dag står på eigedomen skal rivast. Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Ytterlegare opplysningar om planen kan fåast hjå Sporstøl Arkitekter AS. Naboar, grunneigarar og høyringsinstansar er varsla direkte. Varslingsdokument er tilgjengeleg for nedlasting på www.sporstol.no under fane «Aktuelt», og på Ulstein kommune si heimeside.

Merknader og innspel til planarbeidet bes sendt skriftleg til plankonsulent:
Sporstøl Arkitekter AS - boks 301 - 6067 Ulsteinvik
E-post: silje@sporstol.no - Tlf.: 700 18 550

Frist for innspel er 01.05.2022

Med helsing

Silje Skaro
Arkitekt

Vedlegg

- V0 Planinitiativ Holmevegen 1
- V1 Planavgrensing Holmevegen 1
- V2 Sjekkliste - ROS
- V3 Gjeldande plankart
- V4 Gjeldande føresegner
- V5 Referat frå oppstartsmøte
- V6 Varsla partar og høyringsinstansar

Sporstøl Arkitekter as
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Telefon. 70 01 85 50
E-Post firmapost@sporstol.no
Web. www.sporstol.no

Org. Nr. 961181488 MVA
Bankgiro. 6566.05.31445
Sentral Godkjenning. 1998001229